Årsrekneskap for

SPAREBANKSTIFTINGA SØRE SUNNMØRE

931297864

Rekneskapsår
01.01.2025 - 31.12.2025

FORTROLIG

Resultatrekneskap

	Note	2025	2024
Driftskostnader			
Lønns- og personalkostnad	1, 2, 3	-2 285 329	-2 153 993
Annan driftskostnad		-3 311 177	-1 132 960
Gåveutdelingar	4	-46 210 990	-54 958 500
Sum driftskostnader		**-51 807 496**	**-58 245 453**
Driftsresultat		**-51 807 496**	**-58 245 453**
Finansinntekter			
Anna renteinntekt		5 128 507	4 243 997
Anna finansinntekt	5	141 663 791	233 879 484
Sum finansinntekter		**146 792 298**	**238 123 482**
Finanskostnader			
Nedskriving av finansielle eigedelar	6	665 329	-665 329
Annan rentekostnad		-21	-439
Annan finanskostnad	7	-2 840 725	0
Sum finanskostnader		**-2 175 417**	**-665 768**
Netto finans		**144 616 881**	**237 457 714**
Årsresultat		**92 809 384**	**179 212 261**
Overføringar			
Overføring annan eigenkapital	8	30 809 384	117 212 261
Overføring gåvefond	8	62 000 000	62 000 000
Sum overføringar		**92 809 384**	**179 212 261**

Balanse

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EIGEDELAR			
Anleggsmidlar			
Finansielle anleggsmidlar			
Investeringar i aksjar og andelar	6	1 357 070 630	1 357 070 630
Sum finansielle anleggsmidlar		**1 357 070 630**	**1 357 070 630**
Sum anleggsmidlar		**1 357 070 630**	**1 357 070 630**
Omløpsmidlar			
Fordringar			
Andre kortsiktige fordringar		64 563	100 855
Sum fordringar		**64 563**	**100 855**
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	6	372 960 374	80 000 000
Marknadsbaserte obligasjonar	6	191 526 395	225 415 337
Marknadsbaserte pengemarknadsfond	6	65 363 230	196 120 142
Sum investeringar		**629 849 999**	**501 535 478**
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	9	66 304 107	80 259 679
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		**66 304 107**	**80 259 679**
Sum omløpsmidlar		**696 218 668**	**581 896 012**
SUM EIGEDELAR		**2 053 289 298**	**1 938 966 642**

Balanse

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	8	650 000 000	650 000 000
Annan innskoten eigenkapital	8	1 072 292 147	1 072 292 147
Sum innskoten eigenkapital		**1 722 292 147**	**1 722 292 147**
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	8	148 021 645	117 212 261
Gåvefond	8	124 000 000	62 000 000
Sum opptent eigenkapital		**272 021 645**	**179 212 261**
Sum eigenkapital		**1 994 313 792**	**1 901 504 408**
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		39 100	232 580
Skuldige offentlege avgifter	9	144 943	137 621
Anna kortsiktig gjeld		768 783	282 411
Gåvemidlar innvilga, ikkje utbetalt	4	58 022 680	36 809 622
Sum kortsiktig gjeld		**58 975 505**	**37 462 234**
Sum gjeld		**58 975 505**	**37 462 234**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**2 053 289 298**	**1 938 966 642**

Sigrun Heltne Vartdal
Styreleiar

Atle Andreas Remmereit
Vasbotn
Nestleiar

Hans Olav Øyehaug
Styremedlem

Silje Smådal
Styremedlem

Kristin Indresøvde
Styremedlem

Hans Børre Fiskaa
Styremedlem

Arne Lothe
Dagleg leiar

Notar

Kontantstraumoppstilling

	2025	2024
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Resultat før gåvetildelingar	139 020 374	234 193 432
Endring i kortsiktige fordringar	36 292	-64 915
Endring i leverandørgjeld	-193 479	200 044
Utbetaling gåver	-24 997 933	-18 148 878
Endring i andre tidsavgrensingspostar	493 694	92 418
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	**114 358 949**	**216 272 101**
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
Gevinst ved realisasjon av marknadsverdibaserte finansielle instrument	-213 977	-70 950 000
Tap ved realisasjon av marknadsverdibaserte finansielle instrument	2 840 725	0
Nedskriving marknadsverdibaserte finansielle instrument	-665 329	665 329
Innbetalingar ved sal av aksjar og andelar i andre føretak	35 370 149	394 950 000
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre føretak	-330 160 374	0
Utbetalingar ved kjøp av andre investeringar	-176 434 759	-502 223 479
Innbetalingar ved sal av andre investeringar	340 949 045	0
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	**-128 314 520**	**-177 558 150**
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	**0**	**0**
Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar		
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-13 955 572	38 713 951
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	80 259 679	41 545 728
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	**66 304 107**	**80 259 679**
Denne består av:		
Kontantar og bankinnskot pr 31.12	66 205 250	80 171 240
Skattetrekksinnskot o.l. pr 31.12	98 857	88 439
Behaldning av kontantar pr. 31.12	**66 304 107**	**80 259 679**

Verksemdsart og kvar verksemda blir driven

Stiftinga skal forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebank 1 SMN. Stiftinga skal plassere midlane på ein formålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga skal disponere overskot og gi bidrag til allmennyttige formål. Gjennom disposisjonane sine skal stiftinga ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Sparebank 1 Søre Sunnmøre.

Gjennom verksemda si skal stiftinga ved eigarskapet sitt i Sparebank 1 SMN og vidareføring av sparebanktradisjonane sikre eit godt regionalt forankra sparebanktilbod på Søre Sunnmøre. Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde formål og dei rammer som til ei kvar tid følgjer av regelverket for sparebankstiftingar.

Stiftinga blir drifta frå Volda.

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsførarskikk, inkludert norske rekneskapsstandardar.

Anleggsmidlar og langsiktig gjeld
Anleggsmiddel omfattar eigedelar til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmiddel er vurderte til kostpris. Varige driftsmiddel blir førte opp i balansen og blir avskrivne over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som er forventa å ikkje vere av forbigåande art. Nedskrivingar blir reverserte når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger finst å vere til stades.

Kostnadsføring
Kostnader blir som hovudregel rekneskapsførte i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfella der det ikkje er ein klar samanheng mellom utgifter og inntekter blir fordelinga fastsett etter skjønnsmessige kriterium. Andre unntak frå samanstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

Finansielle instrument og andre langsiktige investeringar
Anleggsaksjar og andre langsiktige aksjar blir vurderte til kostpris. Marknadsbaserte aksjar blir verdsette til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Marknadsbaserte obligasjonar og rentefond blir verdsette til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Urealisert verditap blir inkludert i finanskostnader. Motteke utbytte og mottekne renter blir rekneskapsførte som høvesvis finansinntekt og renteinntekt.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld
Omløpsmidel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling innan eitt år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmidel blir vurdert til lågaste verdi av kostpris og anteken verkeleg verdi (lågaste verdiprinsipp).

Fordringar
Kortsiktige fordringar blir førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til påreknelig tap. Avsetning til påreknelig tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar enkelt fordring.

Gjeld
Gjeld blir balanseført til nominelt gjeldsbeløp.

Pensjonsforpliktingar
Stiftinga har pensjonsavtale gjennom ein forsikringsavtale, og avtalen er ein innskotsplan som ikkje medfører andre forpliktingar enn innbetaling av årets premie. Årets premie blir berekna på basis av lønn i same periode.

Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlane er ikkje oppførte i rekneskapen. Årets betalte premie er bokført i resultatrekneskapen.

Kontantar og kontantstraumsoppstilling

Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar. Kontantstraumsoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Gåver

Gåver blir vedtekne av styret, og utdeling av gåver blir kostnadsførte i perioden der tildelinga blir vedteken. Vedtekne, ikkje utbetalte gåver er førte i balansen som gjeld ved årsslutt.

Skatt

Stiftinga er ikkje skattepliktig etter sktl §2-32. Ettersom stiftinga ikkje har som formål å gi eigarane direkte økonomisk utbytte, er det ikkje gjort nokon behandling av skatt i rekneskapen.

Note 1 - Talet på årsverk

Talet på årsverk sysselsett i rekneskapsåret:	1

Note 2 - Lønns og personalkostnader

	2025	2024
Lønn	1 085 396	1 049 225
Godtgjersle til styre- og generalforsamling	809 000	773 507
Arbeidsgivaravgift	283 905	273 774
Pensjonskostnadar	93 222	57 700
Andre relaterte ytingar	13 806	-212
Sum	**2 285 329**	**2 153 993**

Det er ikkje gitt lån eller trygdeyting til medlemmer av styrande organ.

Note 3 - Ytingar til leiande personar

Det er ikkje gitt lønn, anna godtgjersle osb. til leiande personar.

Meir om ytingar til leiande personar
Det er utbetalt styrehonorar på totalt kr 638 333 i rekneskapsåret.

Note 4 - Gåveutdeling

Stiftinga har ytt følgjande i gåveutdelingar:

	Beløp	Utbetalt	Rest
Gåveutdeling 2023	1 500 000	1 500 000	0
Gåveutdeling 2024	54 958 500	30 850 168	24 108 332
Gåveutdeling 2025	46 210 990	12 296 643	33 914 347
Sum	**102 669 490**	**44 646 811**	**58 022 679**

Gåvemidlar vedtekne, endå ikkje utbetalt utgjer kr 58 022 680, og står som kortsiktig gjeld i balansen.

Note 5 - Anna finansinntekt

Anna finansinntekt kjem fram slik:	Beløp
Gevinst realisasjon aksjar	0
Aksjeutbytte	130 890 300
Utbytte aksjefond	681 656
Renter obligasjonsfond	5 580 562
Renter pengemarknadsfond	4 274 257
Gevinst realisasjon pengemarknadsfond	213 977
Returprovisjon	23 039
Sum	**141 663 791**

Note 6 - Finansielle instrument

Eigedel	Bokført verdi	Verkeleg verdi	Urealisert verdiendring	Dei resultatførte verdiendringane i perioden
Sparebank 1 SMN	1 357 070 630	2 139 794 624	782 723 994	**0**
Obligasjonsfond	191 526 395	195 999 431	4 473 036	**0**
Aksjefond	372 960 374	411 816 102	38 855 728	**0**
Pengemarknadsfond	65 363 230	65 780 345	417 116	**0**
Tilbakeføring nedskriving per 01.01				665 329
SUM	**1 986 920 629**	**2 813 390 502**	**826 469 874**	**665 329**

Note 7 - Annan finanskostnad

Annan finanskostnad kjem fram slik:	Beløp
Tap ved realisasjon av obligasjonsfond	-551 572
Tap ved realisasjon av aksjefond	-1 829 851
Tap ved realisasjon av rentefond	-459 302
Sum	**-2 840 725**

Note 8 - Eigenkapital

	Grunnkapital	Gåvefond	Annan innskoten EK	Annan EK	Sum EK
Pr. 1.1	650 000 000	62 000 000	1 072 292 147	117 212 261	**1 901 504 408**
Årets resultat	0	0	0	30 809 354	**30 809 354**
Avsetning gåvefond	0	62 000 000	0		**62 000 000**
Pr. 31.12	**650 000 000**	**124 000 000**	**1 072 292 147**	**148 021 615**	**1 994 313 762**

Note 9 - Bankinnskot

	31.12.2025
I posten for bankinnskot inngår eigen konto for bundne skattetrekksmidlar med	98 857
Skuldig skattetrekk	-98 857

Årsmelding

Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre er ei sjølvstendig stifting som gir støtte til allmennyttige formål.

Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre vart etablert i 2023 i samband med fusjonen mellom Sparebank 1 Søre Sunnmøre og Sparebank 1 SMN.

Ved opprettinga 18. april 2023 fekk stiftinga tildelt ein startkapital på kr 43 400 000,- i kontantar og 12 971 224 eigenkapitalbevis (MING) i SpareBank1 SMN. Kurs på eigenkapitalbevisa var ved oppstart kr 129,6 til ein verdi av kr 1 681 070 630,-.

Utbytte frå SpareBank1 SMN for rekneskapsåret 2024 vart utbetalt i 2025 og var på kr 12,5 per eigenkapitalbevis som gav eit utbytte på kr 130 890 300,-.

Formål

Stiftinga skal forvalta eigenkapitalbevisa som stiftinga vart tilført ved skipinga, og stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebank 1 SMN. Stiftinga skal plassera midlane på ein formålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga skal disponere overskot og gi bidrag til allmennyttige formål. Gjennom disposisjonane sine skal stiftinga ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Sparebank 1 Søre Sunnmøre.

Gjennom verksemda si skal stiftinga ved eigarskapet sitt i Sparebank 1 SMN og vidareføring av sparebanktradisjonane sikre eit godt regionalt forankra sparebanktilbod på Søre Sunnmøre.

Visjon og verdiar

Sparebankstiftinga sin ambisjon er å skape engasjement og å vere ein pådrivar for utvikling på Søre Sunnmøre.

I dette ligg det at stiftinga skal visa eit stort samfunnsengasjement, og bidra positivt i lokalsamfunnet gjennom utdelingar til allmennyttige formål. Stiftinga skal basere seg på verdiane frå den innfusjonerte banken, og vere nær, engasjert og byggje opp under fellesskapen. I tillegg skal stiftinga vere langsiktig ved å sørgje for bidrag som kjem Søre Sunnmøre til gode i eit generasjonsperspektiv.

Visjonen til Sparebankstiftinga er: ***Saman skapar vi engasjerte lokalsamfunn***

Verdiane er: ***Nær, engasjert, ansvarleg, langsiktig***

FORTROLIG

Søknadar til stiftinga

Tildelinga frå stiftinga skal gjerast på bakgrunn av vurderingar av innsende søknadar gjennom stiftinga sin søknadsportal. Søknadsfrist er 15. mars og 15 september, medan mindre tildelingar blir vurderte fortløpande. Styret handsamar søknadane og vedtek tildelingar.

Tildeling i 2025

Styret i stiftinga tildelte i 2025 gåver for kr 46 210 990,-

Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre

Gåveutdeling 2025	**12.mai**	**18.nov**	**17.des**	**Totalt**
Idrett og Friluftsliv	13 457 000	9 865 000	250 000	**23 572 000**
Folkehelse	2 176 000	1 010 000		**3 186 000**
Samfunn og sosialt arbeid	2 204 000	6 449 000		**8 653 000**
Klima/nærmiljøtiltak	830 000	403 490		**1 233 490**
Kultur	4 613 000	3 826 500		**8 439 500**
Kompetanse	527 000	600 000		**1 127 000**
Sum pr tildeling	**23 807 000**	**22 153 990**	**250 000**	
Gåve totalt i 2025				**46 210 990**

Forskings- og utviklingsaktivitetar

Stiftinga driv ikkje med FoU-aktivitetar, og har difor ikkje hatt slike aktivitetar i rekneskapsåret.

Miljørapport

Stiftinga driv si verksemd på Søre Sunnmøre og vil med det ha noko reiseverksemd i regionen knytt til det allmennyttige formålet. I tillegg vil ein ha noko reiseverksemd knytt til kapitalforvaltninga. Stiftinga er ei kontorverksemd med avgrensa direkte påverknad på miljøet, men gjennomfører relevante tiltak for å redusere eigen påverknad.

Stiftinga sitt viktigaste bidrag til ei berekraftig utvikling ligg i tildeling av gåver, sidan vi saman med gåvemottakar arbeider for å fremje berekraftige løysingar. Vi er langsiktige i tildelinga vår til allmennyttige formål.

Arbeidsmiljø

Stiftinga har ein tilsett. Arbeidsmiljøet blir vurdert til å vere godt og det er ikkje sett i verk spesielle tiltak som er viktige for arbeidsmiljøet. Det har ikkje vore skadar eller ulykker i rekneskapsåret.

Styreansvarsforsikring:

Føretaket har teikna ansvarsforsikring for dagleg leiar og medlemmene i styret. Forsikringa dekkjer dagleg leiar og medlemmene i styret sitt ansvar overfor føretaket og tredjepersonar. Forsikringssummen er 10.mill.

FORTROLIG

Finansiell risiko

Risikoforhold

Verksemda til stiftinga gir eksponering overfor ulike typar risiko, spesielt knytt til verdiendringar i marknaden for finansielle instrument. Dei mest vesentlege risikoane er *marknadsrisiko, kredittrisiko og likviditetsrisiko*.

Marknadsrisiko

Stiftinga er investert i eigenkapitalbevis i Sparebank 1 SMN, ein har avtale med ein uavhengig investeringsrådgivar, Grieg Investor AS, for bistand med den langsiktige forvaltninga av kapitalen til stiftinga. Stiftinga er eksponert for endringar i marknaden for finansielle instrument då ein del av stiftinga sine inntekter baserer seg på kjøp og sal av slike. Styret har utarbeidd plan for kapitalforvaltning som er implementert i 2024. Styret gjennomfører stresstest på porteføljen kvar år. Styret vil fortløpande vurdere om det skal gjerast endringar i forvaltninga av ledig likviditet.

Kredittrisiko

Kredittrisiko til stiftinga er knytt til stiftinga si behaldning av eigenkapitalbevis i Sparebank 1 SMN. Kredittrisikoen vurderast som låg, då ein ikkje har fordringar av betydning.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko til stiftinga er knytt til det å ha likvide midlar til eventuelle emisjonar i Sparebank 1 SMN. Styret har lagt ein plan for å sikra likviditet, slik at ein kan ta del i framtidige emisjonar. Styret gjorde grep i 2024 for å frigjere midlar til meir likvide produkt.

Økonomi

Stiftinga vart skipa med 12 971 224 eigenkapitalbevis i Sparebank 1 SMN (MING).

Stiftinga sin grunnkapital var ved etablering i 2023 kr 650 000 000,- og anna innskoten eigenkapital på kr 1 074 170 630,-.

Utbytte frå Sparebank 1 SMN for rekneskapsåret 2024 og utbetalt i 2025 var på kr 12,5 pr eigenkapitalbevis som gav eit utbytte på kr 130 890 300,-.

I 2024 selde stiftinga 2 500 000 eigenkapitalbevis MING til kurs 160,- totalt kr 400 000 000. Grieg Investor AS er engasjert som uavhengig investeringsrådgivar for bistand med den langsiktig forvaltninga av den realisert salssummen. Porteføljen skal i tråd med strategien og plan for kapitalforvaltning fordelast i ein portefølje med 60% i aksjar og 40% i obligasjonar/ pengemarknad. Ein starta i 2024 og heldt fram første halvår i 2025 med å fase inn midlane i marknaden.

Årsresultatet for 2025 er 92 809 384,-. Sum bokførte eigedelar per 31.12.2025 er 2 053 289 298,-. Sum eigenkapital er 1 994 313 792,-. Kortsiktig gjeld utgjer 58 975 505,-, der det meste gjeld avsetning til vedtekne gåver som ikkje er utbetalt endå.

Hendingar etter balansedagen

Ingen spesielle hendingar etter balansedagen.

Utvikling i resultat og stilling

Årsrekneskapen gir ei rettvis oversikt over utviklinga i stiftinga, for resultatet i rekneskapsåret og stillinga ved slutten av rekneskapsåret. Dei sentrale risikoane er knytte til forvaltninga av kapitalen som er investert i bankinnskot, eigenkapitalbevis i Sparebank 1 SMN og finansportefølje gjennom avtale med uavhengig investeringsrådgivar, Grieg Investor AS.

Framleis/Vedvarande drift

Årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om vedvarande drift. Styret stadfestar at føresetnaden om framleis drift er til stades.

Framtidsutsikter

Stiftinga er godt posisjonert som største eigar av eigenkapitalbevis i Sparebank 1 SMN. Styret vurderer banken som solid og godt driven. Vi har tillit til at banken framover også vert driven med stø kurs. Banken har fokus på effektivitet og låg kostnadsvekst. Sparebank 1 SMN har som mål å vere blant dei beste bankane. Stiftinga vil vere ein solid og god eigar i banken i eit langsiktig perspektiv. Stiftinga sine plasserte midlar i andre aktivuma skal forvaltast på ein trygg måte ut i frå tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Eit viktig formål for stiftinga er å yte midlar til gode tiltak av allmenn nytte. Stiftinga har fått mange gode søknadar, noko som viser engasjementet i lokalsamfunnet. Ein set av midlar for framtidige gåvetildelingar. Stiftinga vidarefører sparebanktradisjonane og vil vere ei drivkraft for å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre. Stiftinga skal bidra til utvikling i regionen og ser fram til å samarbeide for å skape engasjerte lokalsamfunn.

Volda 23. mars 2026

I styret for Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre

Sigrun Heltne Vartdal	Atle Vasbotn Remmereit	Hans Olav Øyehaug
Styreleiar	Nestleiar	Styremedlem

Hans-Børre Fiskaa	Kristin Indresøvde	Silje Smådal
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem

FORTROLIG